



Kommunal- og distriktsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjestatsforvaltar - Alver - 62/66 62 - Tofting - kai og flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 01.02.2022. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå arealformål naust på land, og frå arealføremålet i sjøen samt for byggjegransa mot sjø for etablering av kai og felles flytebryggje knytt til naust for eigedommar på gbnr 62/66 og gbnr 62/67 Tofting.

Kommunen gav avslag på søknad om dispensasjon i administrativt vedtak, saknr. 627/21, datert 01.06.2021.

Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar representert av Help forsikring AS i brev datert 14.06.2021.

Utval for areal, plan og miljø gav i møte 13.10.2021, APM-vedtak 144/21, dispensasjon for kai og flytebrygge.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 19.11.2021.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 14.01.2022.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 19.01.2022, i sak 011/22, og klaga vart ikkje teken til følgje.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kenneth Bjørnevoll	Reikeråsvegen 175	5913	Eikangervåg
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
HELP FORSIKRING AS	Postboks 1870 Vika	0124	OSLO